



Frank Kjelsvik
Breivikstølen 23B
5179 GODVIK

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/2309 - 17/4027

Saksbehandlar:
Eilin Houlison Molvik
EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:
08.02.2017

Svar på spørsmål i høve gebyr for sakshandsaming - Gbnr 59/12 Bergfjord

Vi viser til dykkar e-post datert 18.01.17 i høve gebyr for sakshandsaming for søknad om dispensasjon og løyve til riving av fritidsbustad og oppføring av ny fritidsbustad på eigedom gbnr. 59/12.

Kommunen har lovbestemte frister for sakshandsaming jf. plan- og bygningslova § 21-7, konsekvens for kommunen ved fristoverskriding er 25% gebyrreduksjon for kvar påbegynte veke fristen vert overskriden jf. byggesaksforskrifta § 7-6.

Ein føresetnad for fristrekning er at søknaden er komplett og klar for handsaming.

Når kommunen gjekk gjennom søknadsdokumentasjon i høve handsaming av dykkar søknad vart det avdekka at søknaden ikkje var tilstrekkeleg opplyst med omsyn til søknad om fråvik frå byggteknisk forskrift jf. plan- og bygningslova § 31-2.

Det vart sendt førebels svar 25.11.16 der det vart bedt om ei tilbakemelding på søknad om fråvik frå byggteknisk forskrift.

På tidspunkt for oversending av førebelsvar den 25.11.16 hadde kommunen overskride den lovbestemt sakshandsamingsfrist med 4 veker. Ein føresetnad for at sakshandsamingsfristen går er at søknaden er komplett til å kunne handsamast. Det var den ikkje i på dette tidspunktet.

Som følgje av vårt brev datert 25.11.16 var det av dykkar ansvarleg søkjar opplyst at de ønskte å gå vekk frå søknad om tilbygg/påbygg til eksisterande fritidsbustad, og i staden søkje om riving av eksisterande fritidsbustad og oppføring av ny fritidsbustad i samsvar med teikningar innsendt i søknad motteke den 12.07.16.

Kommunen vurderte at endring av søknaden ikkje førte til at det var behov for ny høyringsrunde med omsyn til regionale planmynde mv. Vidare vart det orientert om at at det var naudsynt å varsle gbnr. 59/2 og eventuelle panterettshavare med omsyn til riving av eksisterande fritidsbustad på gbnr. 59/12 og oppføring av ny fritidsbustad.



Ny endra søknad vart motteken hjå kommunen 23.12.16. Det vart fatta vedtak i saka 06.01.17. Kommunen reknar sakshandsamingsfrist frå 23.12.16, medgått tid er 2 veker.

Dykkar førespurnad kom inn 18.01.17, innan 3 vekers klagefrist med omsyn til gebyrutmåling. Dersom de ønskjer å klage på kommunen sin vurdering av medgått tid med omsyn til gebyr ber vi om det vert levert inn skriftleg klage innan 28.02.17.

Vi viser til telefonsamtale 07.02.17. Gebyret de har mottek må betalast innan fristen. Dersom de vel å klage på vår vurdering av sakshandsamingsfrist, vil gebyret bli tilbakebetalt dersom du får medhald i klagen.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Seim Bygg AS

Nesbrekka 28

5912

SEIM

Mottakarar:

Frank Kjelsvik

Breivikstølen 23B

5179

GODVIK